

Opplæring og helse					
UFT meiner at..		Påbegynt	Ferdig	Blir ikkje gjort	Kommentar
1. Studierettleingstenesta og rådgjevingstenesta i fylket bør betrast gjennom mellom anna innføring av samkjørd studierettleingsteneste, anonym rådgjevarevaluering, og/eller ein rådgjevingsteneste der alle elevar vert kalla inn til rådgiving for vidare studieval.	UFU bør fremja eit forslag til Opplæringsavdelinga om at talet rådgivarar, samt deira stillingsprosent og tilgjengelegheit, skal reflektere talet elevar ved skulen dei er rådgivar på. Uavhengig av elevtalet bør skulane ha ein rådgivar med minimum 70% stilling. UFU skal og fremja eit forslag om dette i budsjettet for 2018.				
2. Det skal ikkje leggjast opp til utgifter for den enkelte elev i opplæringa som går utover det eit grunnstipend dekkjer.	UFU går imot kopi- og utskriftsavgift ved vidaregåande skular. UFU skal arbeide for at alt naudsynt skulemateriell vert dekkja av grunnstipendet.				Budsjett
3. Dersom det skal gjerast endringar i utdanningstilbodet må det gjerast på eit pedagogisk grunnlag, eller det må reflektere søkjartala ved det aktuelle studieprogrammet/studiestaden.	UFU skal arbeide for at dei vidaregåande skulane skal oppretthalde eit godt tilbod for ungdom i vidaregåande opplæring, med særskilt fokus på at distriktsskulane skal bestå.				
4. Fråfallet i den vidaregåande skulen skal vere mindre enn 15 prosent.	UFU skal arbeide for at tilbodet om innføringsklassar i den vidaregåande skulen skal dekkje behovet. UFU skal arbeide for at tilbod som Hyssingen Produksjonsskule skal bli meir synleg. UFU skal arbeide for at tilbod som Europeisk voluntørtjeneste skal bli meir synleg				Dette skal ikkje gjennomførast då Hyssingen Produksjonsskule er nedlagt.
5. Fråværsreglementet skal praktiserasa likt for alle elevar ved vidaregåande skular i Hordaland. Lovleg grunn for fråvær skal vere rimeleg i samband med elevane sin kvardag.	UFU skal arbeide for å auka fråværsrensa for ugyldig fråvær i vidaregåande skule. UFU ynskjer å auka grensa på politisk fråvær.				
6. Tannhelsetenesta skal vere god og rimeleg for ungdom i fylket.	UFU skal arbeide for at bruk av tannhelsetenestene ikkje skal medføre store ulemper for ungdom i fylket, slik som til dømes lang reisetid og høge prisar. UFU skal arbeide for at endringar i klinikkstruktur skal skje på et grunnlag som betrar tilbodet for ungdom. UFU skal arbeide for å utvide gratis tannhelseteneste ut året ein fyller 20 år, og utvide rabattordninga til fylte 25 år.				Budsjett
7. Dei vidaregåande skulane i fylket skal leggje til rette for sunne matvanar blant ungdom.	UFU skal gå i dialog med opplæringsavdelinga og samarbeide for meir berekraftig og sunnare mat i kantinen ved vidaregåande skular i Hordaland. UFU skal aktivt arbeide for at sunnare mat er et punkt i folkehelseplanen når den kjem på rullering. UFU skal arbeide for meir frukt og vegetarmat i den vidaregåande skulen.				
8. God psykisk helse skal fremjast og settast fokus på blant ungdom.	UFU skal aktivt arbeide for at det skal gis fleire midlar til helsesøsterordninga, skulepsykologar, og miljøterapeutar. Det skal vere ein helsearbeidar tilgjengelig på skulen kvar dag. UFU skal arbeide for at deler av midlane som gis helsesøstrer, skulepsykologar og miljøterapeut skal øyremerkast til førebyggjande tiltak. UFU skal arbeide for at det skal fastsettas at alle helsesøstrer skal ha minst 2 årlege samtalar/presentasjonar for elevar der det blir gjennomgått tiltak som enkeltungdom kan gjere for å betre eigen helse. UFU skal arbeide for at det skal opplysast om den psykiske helsa til lhbt-ungdom, og ha eit fokus på å fremje god psykisk helse blant denne gruppa.				
9. Det bør leggjast betre til rette for alternativ undervisning i dei vidaregåande skulane i fylket.	UFU skal arbeide for fleksibel studietid på fleire skular enn Amalie Skram vidaregåande skule og Olsvikåsen vidaregåande skule.				
10. Seksualundervisninga i den vidaregåande skule må betrast.	UFU skal arbeide for meir seksualundervisning i den vidaregåande skule. UFU skal arbeide for ein meir omfattande seksualundervisning, der ein har fokus på inkludering, kunnskap, beitre helse og ulike legningar. UFU skal arbeide for at seksualundervisninga ved alle vidaregåande skular i fylket skal gjennomførast av helsesøster eller anna helsefagleg personell.				
11. Ein skal arbeide for betre integrering på vidaregåande skular.	UFU skal arbeide for hyppigare norskkurs for minoritetsspråklege vidaregåande skule elevar, slik at fleire ungdommar med flyktning- og asylbakgrunn har betre moglegheit til å byrje tidleg med utdanninga. UFU skal arbeide for at det innførast ein obligatorisk dag, på tvers av klasser og linjer, der ein arbeider for å bli betre kjent. Dette for å betre inkludering i skolen.				

12. Det skal opprettast fleire og betre lærlingplassar i Hordaland.	UFU skal arbeide for at det opprettast fleire lærlingplasser i Hordaland				
---	--	--	--	--	--